# Kyrkjelydsblad for Arna

NR. 9 NOVEMBER 1981 14. ÅRGANG



## *Når dere kommer sammen*

Ja hva da?

Hva er det dere deler med hverandre, når du og dine venner kommer sammen?

Er det slik at:

— den ene bidrar med litt baksnakkelse

— en annen med sladder

— en tredje med råttent snakk

— en deltar med tomt og overfladisk prat

Hvordan er det da når dere går fra hverandre... Jo, da er dere like tomme...

*til side 6*

## *Nytt kor i Ytre Arna*

Det vart starta eit nytt barne- og ungdomskor i Ytre Arna kyrkje i haust. Leiarar for koret er organisten, Siri Brunvoll, og Birgit Askeland. Det er no ca. 25 som er med der.

Vi var innom ei øving og tok bilete av dei. Dei er godt i gang med øving kvar tysdag. Første gong dei skal syngja offentleg vert 15. nov. kl. 18.00 i kyrkja. Då samlast kyrkjelyden til songkveld.

**Soknerådsval 8. nov.**
*sjå s. 2*

# Soknerådsvalet 1981



Søndag 8. november er dagen for soknerådsvalet i Arna prestegjeld. Det skal veljast nye sokneråd for Arna og Ytre Arna sokn for dei neste fire åra. I den samanheng vil vi gje fylgjande orientering.

1.
Det vert høve til å røyste i Arna kyrkje og Trengereid kapell i Arna sokn og i Ytre Arna kyrkje for Ytre Arna sokn.

2.
Røysting føregår etter gudstenesta kl. 11.00 i Arna og Ytre Arna og fram til kl. 14.00 og frå kl. 19.00-20.00.
På Trengereid vert det røysting etter gudstenesta kl. 18.00 og fram til kl. 20.00.

3.
Alle medlemene i Den Norske kyrkja som bor i soknet og som innan valgdagen har fylt 18 år, har røysterett ved valet.

4.
For Arna skal det veljast 10 medlemer og 5 varamenn, for Ytre Arna 8 medlemer og 5 varamenn. Begge listene har dobbelt så mange namn som det skal veljast medlemmer og varamenn til saman.

5.
Røystesetelen skal ved innlevering ha så mange namn som det skal veljast representantar og varamenn til saman. Dersom røystesetelen har fleire namn enn dette, vil dei overskytande som kiem sist i rekkefylgja ikkje telje med.

Vallista er oppsett av ein nominasjonskomité som vart vald på soknemøte tidlegare dette året og namna deira står som overskrift på lista.

Så vil vi oppmode til at så mange som mogeleg gjer seg bruk av retten til å røyste ved soknerådsvalget 8. november!

---

## Valliste i Arna sokn

1. Gilje, Marit, Espeland
2. Kjos, Odd Indre Arna
3. Kleppestø, Dagny Indre Arna
4. Romslo, Haldor A. Trengereid
5. Frøyen, Anne Britt, Garnes
6. Hesjedal, Ruth Haukeland
7. Grøteide, Leif, Indre Arna
8. Mæstad, Solveig Haukeland
9. Hesjedal, Johannes Espeland
10. Taule, Lars Peter, Indre Arna
11. Osland, Erling Indre Arna
12. Holmefjord, Jenny Indre Arna
13. Midtun, Dagny Trengereid
14. Minde, Liv Haukeland
15. Eide, Per Indre Arna
16. Garnes, Ingrid Johanne Garnes
17. Olsen, Jan Marius Indre Arna
18. Kippersund, Inger Garnes
19. Øgaard, Ellen Haukeland
20. Horntvedt, Thor Indre Arna
21. Fjørtoft, Eirik, Haukeland
22. Bjørkhaug, Per Garnes
23. Moe, Trine Romslo Trengereid
24. Nesse, Anny Indre Arna
25. Håøy, Ingrid, Indre Arna
26. Ueland, Laila Indre Arna
27. Romslo, Andreas Trengereid
28. Ystheim, Stein Arne Indre Arna
29. Minde, Elsa Haukeland
30. Haugsvær, Harald Haukeland

*til side 4*



## KYRKJEMUSIKK I NOVEMBER



**HEILE KYRKJELYDEN SYNG**

i Ytre Arna kyrkje
sundag 15. nov. kl. 18.00.
Yngste Røyster, Musikkoret i Ytre Arna, Haugland song og musikklag, Barne- og ungdomskoret i Ytre Arna kyrkje, Kjell Ytrearne, trombone.
*Alle er velkomne.*

**ARNA KYRKJE**

**Søndag 8. nov. kl. 18.00: KORKONSERT**
med kor frå Bjørvin Kirkesangerforbund. Fasmer Dahls kor, Nesttun, Fana kyrkjekor dir. Sigmund Skage. Felleskor. Organist Paul Leithaug, Arnakyrkjas kammerensemble, Messingblåsarar. Liturgisk avslutning ved Ragnar Grøm. Kollekt.

---

**SØNDAG 22. NOV. KL. 19.00:**
Musikkandakt ved Gro og Ingvard Mæland, engelskhorn, obo og horn, akkompagnert av org. Leithaug. Andakt. Kollekt.

---

## Eittåringen i Arna,

Anne Line Sandegren, er å treffa på kyrkjekontoret **tysdagar kl. 10.00-11.30** og **torsdagar kl. 17.00-18.30** (ikkje 12.00-14.00, slik det vart opplyst i førre nummer).

## SPEIDERJOBBEN 1981

KFUK-speidarane på Lone og Indre Arna har også i år gjort ein stor innsats i den årvisse Speiderjobben. I veka 21.-26. september utførte dei ymse slags arbeid og pengane dei tente gjekk ikkje i eigen pengepung, men til organisasjonen Redd Barna sitt arbeid i slumstrøket Kebelle 41 i Etiopias hovedstad Addis Abeba. Pengane skal brukast til å utbetra vegane i Kebelle, til å byggja kloakknett, til å delta ut mat og medisinar, til å byggja nye hus, til å utbetra vatntilførsla og til å byggja ein fabrikk der ein kan produsera murstein til husbyggjing.

31 jenter i Indre Arna jobba inn 2.835 kr. til årets Speiderjobb, medan 14 jenter på Lone jobba inn 1375 kr.

Speiderjentene og leiarane vil takka alle som ga jentene arbeid eller ga ei gåve. Speiderjobben er eit godt eksempel på at også barn kan vera med å gjera verda betre.

---

## Preferanse



Det var møte i menighetsrådet, og han Mads og han Jens ble sterkt uenige i forskjellige saker. Mens diskusjonen var som verst, var det at Mads fullstendig glemte hvor han var og sa:

—Du Jens er da den største tosken som finnes her i bygda.

Da grep soknepresten inn:

—Såsåså, glem ikke at jeg er tilstede, Mads.

# Familieside

**DØYPTE:**

**Arna sokn:**
20/09: Rune Geza Torma døypt i Årstad Kirke.
27/09: Silje Hauge, Angelica Bratholmen.
04/10: Kim Olav Knudsen, Kjetil Svalland.
11/10: Joar Hansen.
18/10: John Ivar Tveit, Henriette Djønne.

**Trengereid:**
18/10: Hilde Marie Løtveit Thorstensen.

**Ytre Arna sokn:**
20/09: Kjartan Brandsdal Pedersen.
27/09: Gunhild Aa Myklebust, døypt i Olden.
04/10: Lise Klaveness.
11/10: Kjetil Molvik.

**VIGDE**

**Arna sokn:**
19/09: Bent Rune Skulstad og Aud Jorunn Skar.
26/09: Harald Magne Evensen og Inger Marie Bruvik.
10/10: Geir Arild Ulveseter og Grethe Alfheim.
10/10: Ole Jakob Eide og Anne-Lise Falch.
10/10: Tore Lund og Karin Langbråten.
17/10: Jostein Bogevik og Anne Hilde Brunborg.

**Ytre Arna sokn:**
10/10: Åge Mjelde og Lillian Bratli.
10/10: Øyvind Kristiansen og Ann Britt Gaupås.
17/10: Dagfinn Johan Namtveit og Anne Vetaas.

**DØDE**

**Arna sokn:**
23/09: Kristine Solberg f. 1913.

**Ytre Arna sokn:**
27/09: Ingeborg Kjeseth f. 1898.

## OFRINGANE I KYRKJELYDANE

**Arna:**
27/ 9: Mat til Polen ...... 10430,-
4/10: Søndagsskulen ...... 2577,-
11/10: Indre Sjømannsmisj. 1325,-
18/10: Norsk Lærerakademi 2550,-

**Ytre Arna:**
4/10: Søndagsskulen ..... 1313,-
18/10: Norsk Lærerakademi 905,-

**Trengereid:**
20/ 9: Barneverninstituttet . 425,-

*Fra s. 2*

## Valliste i Ytre Arna sokn

1. Per Sæle
2. Brynjar Rismyhr
3. Johan Stein
4. Eli Mohn
5. Bjørg Risøy
6. Borgny Undset Kvamme
7. Marie Teigland
8. Nils Kåre Olsen
9. Kåre Revheim
10. Anna J. Valestrand
11. Tor Oddvar Holmefjord
12. Bjarte Leine
13. Jan Erik Løkebø
14. Margit Skjelbreid
15. Torgunn Steinset
16. Borghild Eikerol
17. Leonard Kalsås
18. Martha Teigland
19. Helga Eide
20. Arthur Kvamme
21. Bjørg Oma
22. Kjellaug Prestegård
23. Eva Solsvik
24. Mildrid Landhaug
25. Laila Rakland
26. Ingrid Romslo



*Presten har ordet*



**Harald Sundsbø**

## Sundagsskulen

Tankane går attende til eit fjernsynsprogram for eit par år sidan der ei rekkje «kjendisar» med ulik bakgrunn vart spurde om dei hadde gått på sundagsskulen og kva dei meinte om det dei hadde lært der.

Dei ga uttrykk for at tida på sundagsskulen hadde vore god og ei positiv oppleving for dei.

Nyleg hadde vi eit møte i Indre Arna og Ytre Arna der vi drøfta situasjonen for søndagsskulane i kyrkjelydane. Det var Bergen Søndagsskolekrets som tok initiativet til møta. Det som kom fram der, må seiast å vera ein tankevekkkar.

Det har vore ein ikkje liten tilbakegang i barnetalet på søndagsskulane. Det oversynet som vart lagt fram viste t.d. at berre 16.8 % av borna mellom 4-12 år i Ytre Arna går på søndagsskulen. For Indre Arna var talet 25,6 %, Garnes 26,8 %, Unneland 51.1 % og Trengereid / Romslo 60 %.

Det kan vera mange forklaringar som ligg bak desse tala. I denne samanhengen vil eg la det verta til ei sterk oppfordring til foreldra om å senda borna til søndagsskulen.

Mange er kanskje usikre på kva forpliktingar ein tek på seg når ein i kyrkja ved døypefonten svarar ja til at barnet skal oppsedast i den kristne forsaking og tru. Søndagsskulen vil vera ei hjelp til heimen til å oppfylla den lovnaden.

Borna lever ikkje i eit religiøst «tomrom». Religion er ikkje noko berre for vaksne. Me veit Jesus brukte borna si tru som eksempel for vaksne. Det grunnlaget som vert lagt i barneåra har mykje å seia — her som i mange andre samanhengar. Stundom høyrer ein sagt at ein vil ikkje påverka borna religiøst — dei får velja sjølve når dei vert vaksne. Men med ei slik holdning har ein alt gjort eit valg for barnet — at kristentrua ikkje betyr noko.

Ved døypefonten gjorde du eit valg for barnet. Velkomen til søndagsskulen med barnet ditt for at det kan vita kva det valget har å seia.

Om du ikkje veit tid og stad for søndagsskule der du bur, vil vi på Kyrkjekontoret tlf. 24 04 00 gjerne hjelpa med opplysningar.

## SOKNEMØTE I ARNA

1. nov. etter gudstenesta vert det soknemøte i Arna. Ein skal der avgjera om ein skal innføra den nye ordninga for gudstenestene i konfirmasjonstida.

## *Utlodning til kyrkjelydshuset, Ytre Arna*

Det kostar å vera huseigar — det veit vi alle. Sjølv om soknerådet fekk Kyrkjelydshuset rimeleg, kostar det pengar til vedlikehald og renter / avdrag. Kassen er no snart tom, og difor vil vi no ha ei utlodning. Ein vil gå rundt og selja lodd, men skulle nokon ikkje få besøk, kan ein ta kontakt med Laila Rakland tlf. 24 10 21. Om nokon også vil gje gevinstar, kan dei og kontakta henne snarast.

*frå side 1*

Slike ting som er trukket fram her må ikke få plass hos oss. Det hindrer oss i å gjøre Guds vilje og ødelegger vårt kristne felles-skap.

DERFOR: La oss erkjenne baktalelse, sladder, råttent snakk og tomt prat som synd- og i JESU navn vende oss bort fra det.

Vi trenger å bli oppbygget som kristne. Vår tro på og kjærlighet til Jesus trenger å bli styrket. Derfor har Jesus gitt oss det kristne fellesskap som en gave.

Gjennom det kristne fellesskap, vil han rense oss fra synd og fylle oss med sin Ånd. Skal det skje, må Herren få slippe til når vi kommer sammen.

Der Guds Ord leses, der vi synger Herrens pris og ber til Ham — der er han selv *virksomt* tilstede og gir av sine herlige gaver.

*«Hva så brødre?*
*Når dere kommer sammen,*
*har den ene en salme,*
*en annen har lære,*
*en har åpenbaring,*
*en har tungetale,*
*en annen har tydning.*
*Men lat alt tjene*
*til å bygge opp».*
I. KOR. 14.26.

- N.

# Frå sokneråda

## ARNA SOKNERÅD

Sokneråadet har oppnemnt økonominemnd som skal arbeida med innsamling til Kyrkjelydshus.

Det vert arbeidd med å få endelege teikningar for å byggja kyrkjelydshus i samband med det som no er bårehus.

Dåpssakrestiet i kyrkja treng nye møblar, og soknerådet arbeider med å finna ei løysing på det.

## YTRE ARNA SOKNERÅD

Frå ein del eldre har det kome spørsmål om å få høyreanlegg i kyrkja. Soknerådet har teke opp saka, og vil samarbeida med Kyrkjeseksjonen i kommunen om det. Ytre Arna kyrkje er langt nede på kommunen sin prioriteringsplan for høyreanlegg i kyrkjene. Men kommunen ser på å skaffa høyreanlegg som ei prioritert oppgåve, og sokneråda kan etter avtale med Kyrkjeseksjonen forskottera anlegget. Soknerådet vil koma attende til saka når det vert klarlagt kva type anlegg ein skal ha i kyrkja.


GODKJENT AV BILTILSYNET
Aut. bilverksted
Aut. dekk-forhandler
GODE TILBUD PÅ DEKK OG REKVISITA!
GOD SERVICE — RIMELIGE PRISER — HYGGELIG MILJØ!
*Velkommen til vår bensinstasjon!*
**Arnatveit Auto Senter**
**J.B. Myklestad**
5260 Indre Arna
Tlf. 24 07 40
NOROL





**Solstrands Blomsterforretning**
Hollendergt. 4, tlf. 23 20 50
**Solstrand Begravelsesbyrå**
Herm. Fossgt. 11, tlf. 23 20 50
*Alltid til tjeneste*

**VESTLANDSBANKEN**
Banken i Arna — for Arna-folk, der alle kundar, store som små, er hjarteleg velkomne.
**VESTLANDSBANKEN, avd. Arna**

**ESPELAND GARTNERI**
Telefon 24 08 09
Blomsterforretning
Hagesenter
Kransebinderi

**ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ**
Telefon 24 08 08
Begravelser og bisettelser ordnes. Transport med egen bil. Annonser, sanger, sløyfer. Monumenter besørges oppsatt.

**ARNA SPAREBANK**
**Indre Arna · Espeland · Ytre Arna**
Banken i Arna frå 1866
**Banken der du bur**
**— til bygdefolket sitt beste gjennom 115 år.**

***ALLE VET***
at vi selger nyere utvalgte vogner. Prøv hos oss De også. Vi gir god service.
**Kversøy Bilforretning**
ESPELAND
Telefon 24 00 17 — 24 08 45

**Skal det vera TV — Elektrisk — Belysning. Hugs at vi har laveste pris, og det De kjøper her kan De få reparert her.**
**ARNA ELKJØP A/S**
Ytre Arna — telefon 24 11 88
Arnatveit— telefon 24 19 70
Vi er tilsluttet landets største kjede av elektriske forretninger
EL-KJØP

**I MIN FORRETNING**
finn De gåver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.
Kleiveland
**5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96**

# *Velkomen til kyrkje*

**8. november:**

**Arna kl. 11.00:** Res.kap. Sundsbø. Offer til Kyrkjelydsarbeidet. Sundagsskule i Borgstova under gudstenesta. Sokneråsval etter gudstenesta og kl. 19.00-20.00. Barnevakt.
**Arna kl. 18.00:** Korkonsert. Bjørgvin kirkesangerforbund.
**Ytre Arna kl. 11.00:** Sokneprest Øy. Sokneråsval etter gudstenesta og kl. 19.00-20.00.
**Trengereid kl. 18.00:** Res.kap. Sundsbø. Sokneråsval etter gudstenesta.
**Haukeland kl. 18.00:** sokneprest Øy.

**15. november:**

**Arna kl. 11.00:** Sokneprest Øy. Familiegudstenste.
**Ytre Arna kl. 11.00:** Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Offer til den norske Israelsmisjon.
**Ytre Arna kl. 18.00:** Heile kyrkjelyden syng.

**22. november:**

**Arna kl. 11.00:** Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Arna kyrkjekor. Offer til dei fire diakoniinstitusjonane. Sundagsskule i Borgstova under gudstenesta.

**29. november:**

**Arna kl. 11.00:** Sokneprest Øy. Offer til folkeaksjonen mot fri abort. Sundagsskule i Borgstova under gudstenesta. Kyrkjekaffi.
**Arna kl. 19.00:** Lysmesse.
**Ytre Arna kl. 11.00:** Akademilektor Arve Brunvoll.
**Ytre Arna kl. 19.00:** Lysmesse. Skuleungdomsprest Gunnstein Sandnes. Fortana ungdomskor. Offer til Norges kr. Student- og Skoleungdomslag.
**Trengereid kl. 11.00:** Res.kap. Sundsbø. Nattverd.

**6. desember:**

**Arna kl. 11.00:** Gen.sekr. Olav Toft. Nattverd. Offer til Den norske muhammedanarmisjon. Sundagsskule i Borgstova under gudstenesta.
**Arna kl. 18.00:** Julekonsert.
**Ytre Arna kl. 11.00:** Sokneprest Øy. Nattverd. Offer til kyrkjelydsarbeidet.
**Unneland kl. 18.00:** Sokneprest Øy. Lysmesse.

## ARNA PRESTEGJELD

**Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova:** Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.
**Kontortid:** Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.
Torsdag kl. 17.30-19.00.
**Prestekontoret Ytre Arna, Gamlevegen 8:** Tlf. 24 13 25.
**Kontortid:** Tysdag kl. 17.00-18.00 og fredag kl. 09.00-10.00, eller etter avtale.


## KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

**Utgjevar:** Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna
**Redaksjonsnemnd:** Målfrid Sandvik, Helge Eide, Margit Boge, Sylvi Sæle, Ragnhild Rismyhr, Bjørg Hellesøy, Harald Sundsbø.
**Bladpengar:** kr. 25.-.
Postgiro nr. 3104445 eller bankgiro 8440.21.01856.
Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.


**Frist for innlevering av stoff til nr. 10: 10. nov.**